

Kva skal dagens unge med ein ”venn som har gitt sitt liv”?

Evangelieformidling til unge i lys av Jesu vennskap som asymmetrisk og autentisk¹



BÅRD EIRIK HALLESBY NORHEIM, FØRSTEAMAUENSIS I PRAKTISK TEOLOGI, NLA HØGSKOLEN, BERGEN

bard.norheim@nla.no

Innleiing

At dagens unge er opptatt av vennskap og relasjonar, verkar å vera ei sanning utan modifikasjonar,² og det er vel neppe heller noko nytt. At ”vennskap” som tema skårar høgt når ein spør konfirmantar kva konfirmanttida skal handla om, er verken ei utviklingspsykologisk bombe eller ei stor overrasking for dei som forskar på ungdom og ungdomskultur. I ei ny undersøking av kva metaforar unge menneske vel for å skildra sitt forhold til Gud, var det nettopp ”venn” som var den mest populære metaforen: Unge menneske såg Gud som den perfekte vennen – ein som alltid er der, ein som kjenner deira inste tankar og draumar, og som alltid er i stand til å tilgi dei, endå om dei sjølve avviser Gud. Med andre ord, ein venn som aldri sviktar.³

Steve Emery-Wright som stod bak denne undersøkinga, meiner å finna fire særlege styrker med det å forstå og formidla Gud som venn:

1. Det er ein gudsmetafor som tek menneskeleg erfaring på alvor, og som vitnar om ein Gud som identifiserer seg med

(unge) menneske.

2. Det er ein tydeleg antroposentrisk metafor for Gud, som byr på eit kjønnsinkluderande språk.
3. Det er ein metafor som ikkje einsidig fokuserer forholdet mellom Gud og menneske som hierarkisk eller asymmetrisk.
4. Det er ein fellesskapsorientert gudsmetafor som ikkje minst understrekar at Jesus søkte vennskap med dei som fell utanfor; sjå t.d. Matt 11,19 og Luk 15,1.

Å fokusera på Jesus som venn verkar difor ved første augnekast å vera eit godt innsteg for å formidla evangeliet om Jesus Kristus til dagens unge. Men korleis skal vi forstå – og formidla – (metaforen) Jesus som venn i møte med dagens unge? At Jesus vil vera vår og alle sin venn, og at Jesus særleg søker vennskap med dei som fell utanfor vanlege sosiale strukturar, er det god bibelsk dekning for å formidla. Problemet er at den Jesus Bibelen vitnar om, ikkje er heilt som andre vennar. I ein valkultur der vi skapar oss sjølve gjennom det vi vel, er (også) vennar og vennskap noko vi vel, og noko som oftast

vert til gjennom eit gjensidig val.⁴ Det er med andre ord noko grunnleggjande symmetrisk ved det seinmoderne vennskapsidealet. Vennskapen med Jesus derimot, særleg slik han vert framstilt i Johannes-evangeliet, vert ikkje først og fremst konstituert symmetrisk, men gjennom forsoning (Jesu offer) og (einsidig) utveljing. Dette er særleg tydeleg om ein les Joh 15,13–16: "Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine. De er venene mine så sant de gjer det eg byd dykk. Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk."⁵ Den første utfordringa med Jesus som venn er altså at eit eventuelt vennskap med Jesus er konstituert som noko *asymmetrisk*, i det at den eine parten har valt ut den andre, ja endåtil gitt sitt liv for den andre.

Den andre utfordringa med Jesus som venn er at Jesus er ein venn som ikkje er heilt lik alle andre vennar. Å forkynna Jesus som venn gjennom bruk av ulike analogiar møter på openberre utfordringar, også knytt til menneskeleg erfaring: For kva type venn liknar eigentleg Jesus på? Er han som barndommens Skybert, Albert Åbergs imaginære leikevenn som forsvinn når dei store gutane kjem?⁶ Eller er han meir lik ein hest, ein kjærast eller ein storebror? Ja, kva er det eigentleg som gjer Jesus til ein ekte venn, ein *autentisk* venn, ein som også er tilgjengeleg for menneskeleg erfaring? Med andre ord: På kva måte kan vi forstå Jesus som ein *nærverande* venn?

Med dette er to problem med det å formidla Jesus som venn sirkla inn, nemleg korleis det kan vera mogeleg å fortolka og formidla Jesus som ein *autentisk*, her forstått som *nærverande*, venn, og korleis ein skal forstå og formidla ein vennskap som framstår grunnleggjande *asymmetrisk*. Med utgangspunkt i desse to problema forsøker denne artikkelen å svara på følgjande problemstilling: *Korleis bør vi fortolka og formidla Jesus som venn for dagens unge, med særleg vekt på dette vennskapet sin karakter av asymmetri og autentisitet?*

Materialet artikkelen arbeider med, er eit (avgrensa) utval kristne lovsongar og preiker retta

mot ungdom og unge vaksne, som på litt ulikt vis fokuserer på Jesus som venn, og der Jesu vennskap som asymmetrisk og autentisk vert tematisert. Med utgangspunkt i denne analysen drøftar artikkelen, i ramma av ei systematisk-teologisk sakanalyse, på kva måte Jesus som ein asymmetrisk og autentisk venn kan fortolkast som eit evangelium for dagens unge. Denne drøftinga skjer i dialog med korleis dagens unge og populærkultur forstår vennskap. Artikkelen sluttar med eit kort homiletisk utblikk. Det er ei forsøksvis skisse til ein visjon for evangeliefremdling som analysen og drøftinga inviterer til å utforska vidare.

Analyse

Den følgjande analysedelen er ein analyse av tre (lov)songar og tre preiker som fokuserer på Jesus som venn, og som har eit eksplisitt eller implisitt fokus på ungdom/unge vaksne. Analysen av dette utvalet er medvite selektivt: Eg er særleg interessert i korleis songane og preikene fortolkar og formidlar vennskapen med Jesus som asymmetrisk, og korleis dei forstår Jesu nærvær i dag, særleg i lys av Jesus som venn. Med utgangspunkt i den særlege tematikken knytt til Jesus vennskap forstått som asymmetrisk og autentisk, har eg her valt å analysere tre ulike preiker som tek utgangspunkt i Joh 15,(12/13–17, og som meir eller mindre eksplisitt har ungdom/unge vaksne som tydeleg målgruppe. Sidan preikenanalysen her fokuserer spesifikt og selektivt på den systematisk-teologiske tilrettelegginga av Jesu vennskap som asymmetrisk og autentisk, er det preikene i skriven form som vert analysert, slik dei er publisert på ulike nettsider. Dette gjer sjølvstakt at ikkje alle motiv og moment i desse preikene vert fanga inn av den følgjande analysen. Det same gjeld for lovsongstekstane: Det er naturleg nok motiv i tekstane som ikkje vert tematiserte i denne analysen.

Om vi no ser på lovsongane først, kan det verka som det har funne stad ei tydeleg perspektivforskyving i forståinga og formidlinga av Jesus som venn i kristne lovsongar dei siste tiåra: Songen *Jeg har en venn som har gitt sitt liv* frå 1971 (tekst: Vidar Kristensen) skildrar Jesu vennskap med menneske gjennom bruken av

forensisk rettsalsterminologi i ramma av eit klassisk lov-evangelium-skjema: Første vers teiknar opp korleis Guds lov avslører mennesket sin avstand til Gud:

*Fordi jeg lever så milevidt
i fra Guds vilje med livet mitt,
fikk jeg dommen, slik lød den:
Du skal dømmes til døden!*

Neste vers fokuserer på at Jesus lid i staden for den dømte og tek på seg dommen som mennesket er skuldig i, slik at menneskets dødsdom vert ugyldig:

*Til jorden sender Han Jesus som
tar på seg både min skyld og dom,
og når han drepes uskyldig,
blir min dødsdom ugyldig.*

Det siste verset understrekar igjen at Jesus gjennom dette forsonar mennesket med Gud og friir det frå døden, til eit liv der ein tilhøyrar Jesus og tener Jesus:

*Tenk jeg skal ikke dø fordi
Jesus døde i stedet!
All min dødsangst er nå forbi,
den er byttet med glede.
Ja, Jesus hjelp meg å klart forstå
at det livet jeg lever nå,
det er ditt liv alene,
det er deg jeg skal tjene.⁷*

Kontrasten til moderne lovsongar, slik dei vaks fram frå starten av 1990-talet, er påfallande. Her er aksentueringa oftast ein heilt annan: Ein av slagarane til Oslo Gospel Choir på 1990-talet var songen *A better friend* (frå albumet *Get Together* i 1991). I denne songen vert Jesus skildra som ein venn som kvalitativt overgår andre vennar fordi Jesus som venn kan leia mennesket trygt på livets meir eller mindre krokete stigar:

*I never had a better friend than Jesus,
He is the master of my life and guide me on the way⁸*

Forsoningsmotivet er fråverande eller heilt i bakgrunnen i denne songen, sjølv om Jesus også her vert skildra som "the only way," noko som truleg er ein referanse til Apg 4,12. I denne teksten er Jesus først og fremst ein kvalitativt annleis venn, fordi han er ein som ein alltid kan

stola på at er trufast. Dette motivet vert utdjupe og vidareført av den kristne gruppa Delirious i deira lovsongsslager, *What a friend I've found* frå 1996. Her vert også vennskapet med Jesus skildra som noko som er kvalitativt sterkare enn andre vennskap og relasjonar. Men her er det ikkje berre det at Jesus er trufast som vert framheva. Det som kvalifiserer det spesielle vennskapet med Jesus som annleis, er at det byd på eit intimt nærvær som overgår alle andre vennskap, endåtil relasjonen til familien og til ein elskar:

*What a friend I've found
Closer than a brother
I have felt your touch
More intimate than lovers
Jesus, Jesus, Jesus, friend forever
What a hope I've found
More faithful than a mother
It would break my heart
To ever lose each other
Jesus, Jesus, Jesus, friend forever⁹*

Skildringa av Jesu nærvær i denne teksten har mange fellestrekk med skildringa av (erfaringa av) einskapen med Jesus innanfor mystikken. Det er også interessant å merka seg at der *Jeg har en venn som har gitt sitt liv* skildrar korleis Jesus handling endrar relasjonen mellom den enkelte og Jesus, så startar Delirious-songen med å vektleggje nettopp at dette er ein venn som den lovsyngande har funne sjølv.

I dette (avgrensa) materialutvalet ser det ut til å vera ei tydeleg forskyving frå ei fokusering av det asymmetriske i vennsapsrelasjonen med Jesus som noko som kjem til gjennom Jesu sonofferdød, til eit fokus på erfaringa av vennskapet med Jesus som eit intimt nærvær av ein som alltid er trufast. Det er også ein annan viktig skilnad: Der *Jeg har en venn* har hovudfokus på hendingar i fortida, så fokuserer dei to siste lovsongane, og særleg *What a friend I've Found*, på erfaringa av Jesu autentiske og intime nærvær i notida. Dette funnet ser ut til å samsvara godt med den endringa Pete Ward peikar på i si analyse av utviklinga av kristne lovsongar frå 1970-talet og fram til starten på 2000-talet i boka *Selling worship* (2005). Her hevdar han at det har vore ei utvikling frå objektive lovsongar til refleksive lovsongar: Objektive lovsongar er

lovsongar som gjer greie for ei bibelsk hending eller eit teologisk tema, og refleksive lovsongar fokuserer på sjølve lovsongsakten som ein måte å erfare Jesu nærvær på. Dette heng tydeleg saman med at karismatisk lovsong primært forstår seg som eit guddommeleg møte, ei erfaring av intimitet med det guddommelege, ikkje som eit verkemiddel for å formidla kristen lære eller doktrine, understrekar Ward. Utvalet av lovsongar her er sjølvstøtt avgrensa og selektivt, men at Gud vert tolka som ein intimt nærverande majestet i moderne lovsongar, er framheva også i andre analyser av kristne lovsongar.¹⁰

Korleis vert så Jesus som venn forstått og formidla i forkynning til ungdom? Den første preika eg har valt å analysere, er frå 2007 i Stavanger Baptistmenighet og har overskrifta "Menigheten – et sted med et annerledes vennskap".¹¹ Preika startar med å utleggja kva ulike menneske, og særleg ungdom, legg i og forventar av vennskap. Preika ender opp med å spørja tilhøyrarane om kva som skil vennskap i kyrkjelyden frå andre vennskap. Svaret frå predikanten er at alle i ein kyrkjelyd har Jesus som venn. Resten av preika går med til å utleggja korleis denne vennskapet viser veg til kva det er å vera venn for andre menneske. Her brukar predikanten vennskapet Jesus modellerte i disippelflokken, som føredøme for korleis ein skal leva vennskap i kyrkjelyden i dag. I vennskapet i Jesu disippelflokk vart det ifølgje predikanten rom for både tillit, tryggleik, tabbekvote, tilgjeving, tru og det trufaste. Underteksten her verkar å vera, utan at det blir nemnt eksplisitt, at kyrkjelyden som Kristi kropp, der dette særlege vennskapsfellesskapet vinn form, er staden ein kan erfare Jesu nærvær i dag. Det er gjennom å erfare og dela desse vennskapskvalitetane som Jesus modellerte, at kyrkjelyden og andre kan oppleve Jesus autentiske nærvær i dag. Det asymmetriske ved Jesu vennskap vert i svært liten grad tematisert, sjølv om preiketeksten er Joh 15,12–17. Forsoninga er t.d. ikkje nemnt i preika. Rett nok vert det asymmetriske i utveljingsmotivet antyda ved å visa til at Jesus ønskjer vennskap med alle menneske. Preika avsluttar med eit slags misjonalt utblikk ved å oppmoda til følgjande: "Gjennom ditt vennskap

med Jesus kan du være med og være en venn for andre. Slik kan flere bli Jesu venner."

Den neste preika over Joh 15,12–17 vart halde til (unge vaksne) studentar på semesteropningsgudstenesta til praktisk-teologisk seminar ved teologisk fakultet i Oslo i august 2013.¹² Denne preika skil seg frå den førre preika ved at preika i større grad brukar motiv frå sjølve evangelieteksten i preika. Preika er også meir korthugd og assosiativ i forma. Innleiingsvis gjer preika eit stort poeng av at Jesus i denne teksten ved å kalla disiplane vennar og ikkje slavar/tenarar går frå å tiltala dei med eit asymmetrisk makt-språk til eit meir symmetrisk kjærleiksspråk. Predikanten endar med å fastslå at "Jesus ikke ville ha slaver," og koplår så dette motivet til korleis Jesu modellering av vennskap kan vera autentisk, nærverande i dag: Med utgangspunkt i Jesu vennskapsideal frå denne teksten framhevar nemleg predikanten at Jesu vennskapsideal i dag vinn form der ein bryt med slavespråket, der det ikkje er barnesoldatar eller ofre for menneskehandel, prostitusjon eller uverdige arbeidsvilkår. Det andre måten ein kan erfare Jesus nærvær i dag, finn ein i preikas avsluttande oppmoding: "Jesus sier: Dere er mine venner. Elsk hverandre." Denne oppmodinga vert ramma inn av understrekinga av at "vår Gud har prøvd seg som menneske da Jesus delte hverdag med disiplene". I dette avsnittet vert også kort forsoninga tematisert gjennom stadfestinga av at Jesus gjekk "ned i dødens mørke for å redde kjærligheten".

Det asymmetriske vert også framheva i andre delar av preika. I eit kort mellomspel i preika vert det også understreka at Jesu offer er eit offer som overgår antikken sitt vennskapsideal om at frie menn skulle gi sitt liv for sine vennar. Jesus gav nemleg livet sitt også for sine fiendar, for heile verda. Det asymmetriske i det same utveljingsmotivet vert også heilt kort tematisert i det at Gud er ein som alltid har tid for menneska og deira liv.

Den tredje preika er ei preike som vart halden i Vestre Frikirke, også frå august 2013.¹³ Denne preika brukar ein del plass på leggja ut korleis kjærleik vert forstått i Johannes-evangeliet. Predikanten understrekar at denne kjærleiken ikkje er romantisk, men at han er knytt til lydighet og

til det å gi seg sjølv for andre. Samstundes vert det understreka at Jesu asymmetriske offer treff noko djupt menneskeleg. Preika tematiserer også det asymmetriske i at Jesus vel menneska før menneska kan velja Jesus: "Jesu kjærlighet har etablert en ny relasjon og situasjon (...) Initiativet ligger hele tiden hos Jesus." I den grad denne preika fokuserer på Jesu nærvær, er det gjennom å understreka at "Jesu kjærlighet er forbildet til all påfølgende kristen kjærlighet." Predikanten tematiserer samstundes tydeleg at Jesu kjærleik kjem sterkast til uttrykk i Jesu død for oss. Men denne døden vert her ikkje utfalda som ein sonande død for menneska synd og skuld. I staden tener kjærleiken som føredøme for korleis menneska skal elska kvarandre. Sjølv om det asymmetriske motivet vert vektlagt ganske annleis enn i førre preika, så endar preika på tilsvarande vis som den førre ved å slutta seg til Jesu oppmoding: Elsk kvarandre!

Om vi no ser på dei tre preikene samla ut frå korleis dei fortolkar og formidlar Jesu vennskap som asymmetrisk og autentisk (nærverande), ser vi at preikene i svært liten grad tematiserer på kva måte ein skal forstå Jesus som ein nærverande (autentisk) venn. Det er stort sett nyare lovsongar, som *What a Friend I've Found*, som fokuserer på Jesu nærvær, og då som erfaringa av eit nærvær som er intimt, trufast og majestetisk på same tid. I preikene er Jesu nærvær først og fremst teikna ut gjennom det at menneske kan følgja Jesu kjærleik som føredøme, og at dette (implisitt) kan gi ei erfaring av Jesu nærvær i dag gjennom å erfare Jesu nærvær i (venn- skaps-)relasjonar eller gjennom handlingar der den rettferd Jesu kjærleik og vennskap vitnar om, bryt fram. Det interessante her er at ingen av preikene koplar Jesu vennskap som nærvær til sakramentalteologi. Særleg kunne ein sett for seg at det kunne vore eit mogeleg motiv å kopla preikene om Joh 15,12–17 til nattverden.

Når det gjeld det asymmetriske motivet i Jesu vennskap, vert dette oftast tematisert gjennom utveljingsmotivet – at Jesus vel menneske som sine vennar uavhengig av menneskas bidrag. Det asymmetriske vert også i noko grad understreka, som i lovsongane, i det at Jesu kjærleik overgår menneskeleg kjærleik. I noko grad vert også det asymmetriske motivet tematisert i høve

til Jesu død, som ein død for kjærleiken, og særleg fiendekjærleiken. Men det er ingen av preikene som tematiserer vennskap slik det vert gjort i *Jeg har en venn som har gitt sitt liv*, der Jesu død som grunnlag for vennskap vert utteikna som ein sonofferdød ved hjelp av forensisk rettsalsterterminologi.

Om vi no ser på preikene saman med lovsongane, ser vi at vennskapen med Jesus ofte vert sett opp som ein modell for menneskeleg kjærleik. I preikene er denne kjærleiken noko menneska kan imitera gjennom gode gjerningar, gjennom å elska kvarandre. Samstundes som Jesu vennskap og kjærleik er ein modell for menneskeleg kjærleik og vennskap, er det likevel noko som overgår menneskeleg vennskap og kjærleik. Måten Jesus modellerer vennskap og kjærleik på, er altså eit føredøme både for menneskeleg kjærleik, for livet i kyrkjelyden og for korleis rettferd skal vinna form i verda.

I dei utvalde lovsongane og preikene er det mange forsøk på å fortolka og formidla det asymmetriske ved Jesu vennskap, men *Jeg har en venn som har gitt sitt liv* står ganske aleine, både blant preikene og lovsongane, med si fokusering av Jesu vennskap ved hjelp av forensisk rettsalsterterminologi. Det gjennomgåande er at det asymmetriske vert understreka gjennom utveljingsmotivet og i det at Jesu kjærleik overgår all menneskeleg kjærleik og set ein ny standard for menneskeleg kjærleik. Det verkar som det er vanskelegare å tematisera på kva måte det er mogeleg å forstå Jesu vennskap som eit autentisk nærvær i dag. Der det tydelegast vert tematisert er i *What a Friend I've found* der det vert nytta motiv frå mystikken. I den komande drøftingsdelen vert det difor særleg viktig å sjå på korleis det kan vera mogeleg å fortolka og formidla Jesus nærvær som autentisk i dag, og korleis dette evt. heng saman med Jesu vennskap sin asymmetriske karakter.

Drøfting: *Hvilken venn har vi egentlig i Jesus?*

Korleis bør vi så forstå – og formidla – evangeliet om Jesus som venn, med særleg vekt på dette vennskapen som både asymmetrisk og autentisk? Forskarane som har arbeida med funna frå den store tiårlege undersøkinga av

norsk ungdom, Ungdata, hevdar at dagens ungdom på mange vis har det "sykt bra". Men sjølv om dagens unge er både flinkare, flittigare, fredelegare og meir framtidsretta enn tidlegare ungdomsgenerasjonar, så er det samstundes grunn til uro for dei same ungdommane si psykiske helse. Ironisk nok, verkar det som dei, i alle fall nokre av dei, vert sjuke av å streva så hardt for å få det "sykt bra".¹⁴ Det kan hengja saman med at den store frykta for dagens ungdom er ikkje å ha vennar. Det å ha (mange) vennar dekkjer på mange måtar behovet for å verna seg mot det usikre. Men i ein stadig ekspanderande kontekst for sosial medialitet har det vakse fram nye vennskspraksisar som utfordrar dette vernet: Du kan bli både lagt til og fjerna som venn. Alle desse praksisane bidrar til å styrka den ambivalente sida ved det at ein vennskap vert konstituert gjennom val: Ein seinmoderne vennskap er difor både eit vern mot frykta for å bli utestengt i ei elles usikker verd, og samstundes noko som i seg sjølv er skjørt og usikkert, fordi det som alle andre ting kan veljast bort. Då er det ikkje så rart at ein vel seg bestevennar som ein veit ikkje kan svikta, t.d. hestar. Det som gjer hestar unike som vennar, ifølgje unge menneske (les: jenter) som bloggar om hestar på nettet, er nettopp at dei ikkje kan svikta. Difor er hestar, og andre kjæledyr, for mange av desse bloggarane betre vennar enn menneske.¹⁵ I boka *Emerging Adulthood* (2004), peikar psykologen Jeffrey Jensen Arnett på at den noverande unge vaksengenerasjonen ofte lar vennskap vera utgangspunktet også for utviklinga av eit romantisk kjærleiksforhold. Vennskap er eit slags forspel for utvikling av djupare kjærleik, hevdar Arnett. Vennskap er første steg i utviklinga av intimitet, endåtil for unge menn. Ein avgjerande viktig del av vennskap er med andre ord nærværet, og særleg det fysiske nærværet.¹⁶

Men korleis er det mogeleg å fortolka vennskapen med Jesus som ein autentisk vennskap, så lenge det ikkje verkar å vera fysisk nærværande på same måten som ein kan oppleva med andre vennar? Og korleis heng dette evt. saman med det å fortolka denne vennskapen som ein asymmetrisk vennskap, endåtil i lys av forsoninga? Ei nytolking av det kristne venn-

skapen, som tangerer dette spørsmålet, og som også forsøker å gi eit svar på kva det vil seia å ha ein venn som har gitt sitt liv, finn vi i boka *Practicing Passion* (2004) av den amerikanske "youth ministry"-teologen Kenda Creasy Dean. Ho fortolkar Jesu vennskap som noko kvalitativt annleis i kraft av *lidenskapen* som ligg gøymt i denne vennskapen. Her viser ho m.a. til The Columbine High Shooting (1999) og hevdar at gjennom denne hendinga og andre tilsvarende hendingar har den vestlege kyrkja fått kristne tenåringsmartyrar, vennar som gir livet sitt for andre og for trua. Dean sitt tilsvaret til problemet med å formidla på autentisk vis den asymmetriske vennen som har gitt sitt liv, er difor å vektleggje at Jesus gjennom si lidande forsoningsgjerning byr på ein lidenskap som ungdom lengtar etter. Dei første teikna på ungdommeleg martyrium i ein vestleg kontekst er dømer på dette.¹⁷ Problemet for Dean er at dei aller fleste av dagens unge (amerikanarar) *ikkje* søkjer ein lidenskapleg Gud, men tvert om er tilfreds med det som vert omtala som "moral therapeutic deism."¹⁸

Er det i det heile mogeleg å kombinera forståinga av Jesu asymmetriske (son-)offerdød for menneska med tale om vennskap, som ofte er symmetrisk orientert på ein eller annan måte? Ein som radikalt nytolkar Jesu asymmetriske vennskap og legg erfaringa av Jesu nærvær nettopp til notidige, og ofte symmetrisk orienterte, vennsksrelasjonar er ein annan amerikansk "youth ministry"-teolog, Andrew Root. Han tar i boka *Revisiting Relational Youth Ministry* (2007) eit fundamentaloppdrag med vennskspevangelisering og det å bruka relasjonar og relasjonelt ungdomsarbeid som eit middel for å vinna andre for Jesu. Root argumenter sterkt for at ein ikkje skal tenkja instrumentelt om (vennsks-)relasjonar. Dette gjer han ved hjelp av Dietrich Bonhoeffers teologi og ei kreativ omtolking av hans forståing av forsoningsteologien, særleg omgrepet *Stellvertretung*. Dette handlar for Root om å dela *stad* eller *plass* med andre menneske slik Jesus døydde *i staden* for menneska på krossen. Root kallar dette for "*place-sharing*" og argumenterer for at Kristus er heilt og fullt til stades i møtet mellom menneske, i relasjonen. Med andre ord omtolkar

Root, i alle fall delvis, ein asymmetrisk konstituert "Stellvertretung" som noko som vert levd ut symmetrisk, der ein som menneske møter Kristus i den andre.¹⁹ Roots kreative nytolking har mange styrker. Problemet med Roots framlegg er at han ikkje i tilstrekkeleg grad tematiserer det asymmetriske som mogeleggjjer slik tale om relasjonar og vennskap, nemleg evangeliet som gåve. Denne skjelninga kunne vore mogeleg om Root også hadde kopla inn sakramentalteologi og tydeleggjort korleis Kristi nærvær som gåve vert tilgjengeleg for menneske.

For å koma denne utfordringa i møte er det mykje å henta ved å sjå på korleis Martin Luther arbeider med forståinga av Jesu Kristi nærvær, særleg i dei sakramentalteologiske kontroversane med reformasjonen si venstreside på slutten av 1520-talet, og då særleg med Zwingli. I skriftet *Vom Abendmahl Christi (Om Kristi Nattverd)* frå 1528 argumenterer Luther for at Guds Son er nærverande for menneska på tre ulike vis, slik det vert vitna om gjennom det bibelske openberringa. Andre nærveremåtar (modus) kan vera mogelege – Gud er fri, understrekar Luther, men det er desse som er kjende for oss: For det første er det den *circumscriptive* nærveremåten som er den måten Kristus er nærverande på frå fødsel til død. Her opptar Kristus plass i høve til sin fysiske storleik. Det neste nærveremåten, den *diffinitive* nærveremåten, er slik Kristus er nærverande frå oppstode til himmelfart. Her beveger Kristus seg til og gjennom det skapte slik Han vil. Det er også denne nærveremåten Luther forstår nattverdunderet og Kristi realpresentiske nærvær i nattverden utifrå. Den tredje nærveremåten er den *repletive* nærveremåten. Dette er den opphøgde Kristus, etter himmelfarten, ved Faderens høgre hand. I denne nærveremåten kan ikkje det skapte gi mål til eller omgi Kristus, men tvert i mot er det skapte nærverande for Kristus slik at Han fyller og omgir det skapte. Avgjerande for forståinga av denne nærveremåten er Luther si forståing av at Guds høgre hand er overalt, sidan det er Gud som med sin hand og Ande held verda oppe.²⁰

Sidan det ikkje er vanleg å sjå for seg ein venn som har gitt sitt liv, som eit realpresentisk fenomen, kan skjelninga mellom desse ulike nær-

verekategoriane gi hjelp til formidling av Jesu vennskap som noko autentisk og nærverande. Men i første omgang verkar nok ein Jesus som berre er plassert ein stad i himmelen eller ein stad i fortida, meir logisk enn Luthers Jesus som både kan vera nærverande på særskilt vis i tid og rom, i ord og sakrament og nærverande under, bak og i all menneskeleg erfaring og i skapinga.²¹ Men likevel, ein slik person som er plassert i fortida eller på ein stad i himmelen, grip ikkje inn i livet ditt slik ein god venn kan. Han er i beste fall eit minne eller eit godt føredøme. Ein Jesus plassert i denne posisjonen vert difor lett ein "venn" som sit fast i himmelen eller i fortida. Difor kan nettopp skjelninga mellom desse nærverekategoriane vera viktige hermeneutiske nøklar for å fortolka og formidla korleis Jesus som venn kan vera nærverande for menneske i dag: Jesus er ein venn som kan vera nærverande på særskilt vis som ei asymmetrisk gåve gjennom Ordet og sakramenta, men Jesus kan også vera autentisk nærverande i, under og bak all menneskeleg erfaring – i symmetriske vennskapsrelasjonar. Med utgangspunkt i desse nærverekategoriane er det difor mogeleg å forkynna breitt og mangslunge om på kva måte Jesu nærvær kan bli forstått som eit autentisk nærvær, mellom anna gjennom å skjelna mellom det sakramentale og frelsande nærværet og det nærværet som fyller og mogeleggjjer menneskeleg kjærleik og vennskap.

Korleis skal vi så fortolka og formidla Jesus som venn for dagens unge? Eg har i drøftinga, særleg gjennom utfoldinga av Luthers tale om Jesu Kristi ulike nærveremåtar, prøvd å peika på korleis Jesu asymmetriske nærvær som gåve i Ord og sakrament fyller og mogeleggjjer symmetriske, kjærleiksfulle vennskapsrelasjonar mellom menneske. Med andre ord: Det Jesus gjer gjennom inkarnasjon og forsoning *modellerer* rammene for menneskeleg liv og vennskap, slik at menneska kan ha Jesu vennskap som *modell*.²² Dette er eit tilsvar til Steve Emery-Wrights understreking i innleiinga av denne artikkelen, der han peikar på at Jesus som venn er ein metafor som tek menneskeleg erfaring på alvor, og som vitnar om ein Gud som identifiserer seg med (unge) menneske. Det er difor også ein metafor som ikkje einsidig fokuserer

forholdet mellom Gud og menneske som hierarkisk eller asymmetrisk. Ein hermeneutisk nøkkel til det å utvikla evangeliefordring til unge knytt til Jesu vennskap som både asymmetrisk og autentisk nærverande ligg difor i understrekinga av at ein ofte oppdagar evangeliets person, Jesus Kristus, gjennom evangeliets gåver.²³ Med andre ord: Det er gjennom å fokusera kva som er evangeliets gåve(r), at ein kan gjenoppdaga Jesus som venn som eit evangelium. Kva gåve er det så vennen som har gitt sitt liv, gir til dagens unge? Ifølgje Ungdata-undersøkinga lever dagens unge med ein sterk ambivalens: Dei er både flinke og ambisiøse, og usikre og slitne. I Matteus 11,28–30 forkynner Jesus: "Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt, og mi bær er lett." Det at Jesus er vennen som gir kvile, kvile frå forventningar og krav, er eit potensielt evangelium til ein generasjon som har det nettopp "sykt bra" fordi dei heile tida må manøvrera mellom så mange forventningar og krav. Samstundes mogeleggjør denne talen om Jesu asymmetriske gåve – *kvile* frå krav om å skapa seg sjølv og å gjera seg fortent til vennskap – talen om Jesu nærvær i, bak og under menneskeleg erfaring, *også i det som er bra*, t.d. i erfaringa av gode, symmetriske vennskap, med menneske eller hestar.

Det kan difor vera gode grunnar til å forkynna Jesus som vennen som gir kvile – og som difor *modellerer* og dinest tener som *modell* for kjærleiksfulle vennskap menneske mellom: Evangeliet kan slå rot der unge vert møtt av ein som gjer at ein slepp stadig å skapa seg sjølv. Det skjer når ein kan koma til seg sjølv og innsjå at i Jesus så skapar og nyskar Gud. Denne kvila vert gitt nettopp gjennom forsoninga. I forsoninga er menneske (perfekt) passiv mottakar, ifølgje luthersk lære. Det er Gud, i Kristus, som forsonar oss med seg gjennom si stedfortrende lidning for vår skuld – og gir kvile. Ei slik evangelieforkynning skjer i ei dialektisk spenning mellom det å ta menneskeleg erfaring på alvor og ta på alvor evangeliet som (asymmetrisk) gåve. Forkynninga av eit slikt evangelium vinn kropp gjennom å gjenoppdaga to fundamentale

kristne praksisar – *kvila* framfor Gud og tenesta for nesten.²⁴

Kva meiner eg med det? Å fokusera evangeliet om frelsa som kvile frå det å skulle prestera eller produsera seg sjølv byd også på eit evangelium: Dagens unge vert ofte omtala som den lojale generasjonen. Å vera lojal handlar, bokstaveleg forstått, om å vera tru mot lovar og forventningar. På kva måte er så dette evangeliet om kvile til dei lojale, dei lovtru, gode nyhende? Ifølgje Det nye testamente er Jesus både oppfylginga av lova og den som sprengjer lova. Det er han som bringer den nye lova (Gal 6,2), Kristi lov. Det er i dette ein tale om ein venn som har gitt sitt liv, må finna feste: Det er "for at jeg skal få leve" – og det under ei ny lov, Kristi lov, som er kvile og fridom, eller fridom i kvila. Evangeliet om Jesu vennskap til den lojale generasjonen er at Jesus er den som både oppfyllar lova, slik eg ikkje kan i meg sjølv, om eg aldri så mykje prøvar – difor kan eg nytta å kvila i nåden framfor Kristus. Jesus er også den som mengjer seg med dei lovause (Jfr Matt 11,19 og Luk 15,1). Og sidan eg lever i Kristi lov, i Kristus, og Gud ikkje (lengre) treng mine gode gjerningar, eksisterer eg gjennom Kristus i min neste til teneste i kjærleik.²⁵

Homiletisk utblikk: Å p(r)eika med seg sjølv, bort frå seg sjølv

Formidlinga av Jesus som venn har noko samansett ved seg og kallar difor på heile forrådet av former for evangelieforkynning og evangeliefordring. Freistinga er å formidla vennskapen med Jesus som ein maksimalisert variant av menneskeleg vennskap. Vennskapen med Jesus startar med ei asymmetrisk hending som innleier ein prosess, slik det også er tilfelle i ein del vennskap menneske i mellom. Tyder det også at ein menneskeleg vennsapsrelasjon er den beste staden, den homiletiske grunnposisjonen, for å forkynna evangeliet om Jesus som vennen som har gitt sitt liv? Eg vil argumentera for *ikkje* å kopla Jesus som venn og Jesus som forsonar for tydeleg og for tett i første omgang. I staden kan ein starta evangeliefordringa med å framheva kor viktig asymmetriske relasjonar er for menneske, også for unge. Det kan gjera det mogeleg å forkynna om den asymmetriske

relasjonen til Jesus. Formidlingsutfordringa er knytt til korleis ein kan gjera dette på ein autentisk måte. For ungdom er autentiske vitnesbyrd om evangeliet ofte knytt til tru som vert delt gjennom livsførsel og gjennom relasjonar.²⁶ Det utfordrar både måten ein forkynnar på, kva ein forkynner, og sjølv forkynnaren som person. Ein som gir eit tydeleg svar på denne utfordringa, er amerikanaren Doug Pagitt. Han arbeidde tidlegare som ungdomspastor i ei megakyrkje, men er no ein av leiarane for den såkalla *emerging church-rørsla* (oftast omtala som *Emergent* i USA) som arbeider for å utvikla nye måtar å vera kyrkje på i ei tid i endring. Dei søker å vera trusfellesskap meir i pakt med korleis dei første kristne prøvde å leva som Jesu etterfølgjarar. Pagitt er ein av leiarane i ei slik *emerging church-gruppe*, Solomon's Porch (Salomos boegang, etter forteljinga i Apostelgjerningane 3,11) i St Paul/Minneapolis, Minnesota, USA. Gruppa forstår seg sjølv som eit intensjonelt, kristent fellesskap. Dei samlast i ei gamal kyrkje som er ominnreia, m.a. med sofa-grupper og ein barkrakk som preikestol midt i rommet.²⁷

Med utgangspunkt i sine erfaringar som forkynnar argumenterer Doug Pagitt i boka *Preaching Re-imagined* (2005) og *Preaching in the Inventive Age* (2011) for å tenkja nytt om autentisitet i forkynninga.²⁸ Han tar her eit oppgjær med det han vaks opp med som ungdomsleiar og seinare ungdomspastor, nemleg ei instrumentell tilnærming til kristent ungdomsarbeid og forkynning til ungdom. På tiltalebenken set han seg sjølv som ungdomspredikant som visste akkurat kva han skulle gjera for å påverka ungdom til å venda om til Jesus. I dag tenkjer Pagitt radikalt annleis om forkynning. Han understrekar at det å preika ikkje er ei normal samtaleform. Han vil difor bort frå at det er presten eller pastoren som er den profesjonelle truande. Han tar til orde for å bruka grupper som førebur preika, slik dei gjer det i Solomon's Porch. Det å forkynna ("speaching") fungerer ikkje; det er det å lytta som er det grunnleggjande. Det å forkynna skal byggjast på tre grunnleggjande dygder eller verdjar: Integritet, autentisitet og fellesskap.²⁹

Det er noko litt einauga ved denne kritikken

frå Pagitt. Ein som utfordrar Pagitt sin argumentasjon for måten ein skal forstå preika som dialogisk og autentisk, er homiletikaren Stephen I. Wright. Med referanse til Marshall McLuhans kjende aksiom at "the medium is the message", hevdar Wright at forkynninga har sitt eiga medium, eller media. Frå det perspektivet er det sjølv sagt at preika, som "live communication", også er ei relasjonell hending.³⁰ Samstundes framhevar han også at det er farleg dersom ei form for preikekommunikasjon, eit medium, skal bera heile "børa" med å formidla evangeliet. Wright argumenterer med dette for at autentisk forkynning handlar om å utvikla ei breidde i forkynningsformer. Difor foreslår Wright tre andre dygder for forkynninga – ærlegdom, kreativitet og merksemd.³¹ I lys av Wrights argumentasjon her er det grunn til å spørja om det er slik at forkynning om det asymmetriske i forsoninga nødvendigvis må føra til ei monologisk preike. Ein slik påstand er berre gyldig om ein tenkjer seg at det *må* det vera eit 1:1 forhold mellom form og innhald. Det er sjølv sagt at det er "fatalt" å skilja skarpt mellom form og innhald i homiletikken fordi det er teologi implisitt (også) i kommunikasjonsmetoden,³² men det er ikkje det same som å seia at forma på forkynninga heilt ut definerer innhaldet.

Det kan difor vera at ein nokre gonger i forkynninga skal halda desse tema – asymmetri og autentisitet – frå kvarandre. Det er ikkje sikkert at ein gjer rett verken mot det eine eller andre, anten ved å forkynna at Jesu forsoning konstituerer kva vennskap er (symmetrisk forstått), eller at vennskap definerer kva forsoning er (asymmetrisk forstått). Det er også noko av problemet med *Jeg har en venn som har gitt sitt liv*. Songen presser vennskapsmetaforikk frå mystikken (nærleik) saman med rettsalsmetaforikk (avstand). Slik sett er kanskje *What a Friend I've Found* tettare på: Jesu vennskap er ikkje først og fremst ein modell vi er sett til å imitera, men det er noko som modellerer menneskeleg kjærleik.³³

I lys av spørsmålet om korleis ein skal forkynna autentisk om det asymmetriske vennskapsforholdet som Jesus innbyr til gjennom forsoninga (Jfr. Joh 15), kan vi ana konturane av

ein visjon for evangelieformidling som søker å vera i tråd med slik døyparen Johannes forkynte. Det er eit ideal for evangelieformidling til unge, og gamle, som er både diakonalt og profetisk innretta. Det handlar om å *p(r)eika med seg sjølv, bort frå seg sjølv*, slik døyparen Johannes t.d. gjer i Joh 1,19–29 og seinare i evangeliet. Det handlar om å førebu og invitera til den gleda som evangeliet er, slik døyparen Johannes gjer det i Joh 3,25–30. Det handlar om at gode vennskap føder glede. Å forkynna evangeliet er å læra glede, og å førebu evangelieforkynning er å førebu glede ved å la seg sjølv og andre trekkja inn i gleda.³⁴ Men dette forkynningsidealet er ikkje eit individuelt ideal, men det handlar om den evangelieformidlande fellesskapen, for det er nettopp fellesskapen som artikulterer og inviterer til glede. Å forkynna autentisk om det asymmetriske vennsforholdet som Jesus innbyr til gjennom forsoninga, og som mogelegger og fyller symmetrisk innretta vennsforhold, handlar difor om på alle moegele visa å proklamera og formidla gleda i kvila hos Jesus, og gleda i tenesta for nesten.

Litteratur

- Arnett, Jeffrey Jensen, *Emerging Adulthood: The Winding Road from the Late Teens through the Twenties*. Oxford: Oxford University Press, 2004.
- Asmussen, Jan Sievert, *Ord virker: Retorisk homiletikk*. Fredriksberg: Forlaget ANIS, 2010.
- Austnaberg, Hans og Mæland, Bård (red.), *Grenseprengende: Forkynnelse for ungdom 15–18 år*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag, 2009.
- Austnaberg, Hans, "Når forkynner vi? Fra ordforkynnelse til totalformidling", i Austnaberg, Hans og Mæland, Bård (red.), *Grenseprengende: Forkynnelse for ungdom 15–18 år*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag, 2009.
- Austnaberg, Hans, "Hvordan tenker ungdommene å nå dem som ikke tilhører et kristent fellesskap?", i Austnaberg, Hans og Mæland, Bård (red.), *Grenseprengende: Forkynnelse for ungdom 15–18 år*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag, 2009.
- Dean, Kenda Creasy, *Practicing Passion. Youth and the Search for a Passionate Church*, Grand Rapids, Mich.: Eerdmans Publishing, 2004.
- Emery-Wright, Steven, *Now That Was Worship: Hearing the Voices of Young People*. Calver, Hope Valley: Cliff College Publishing, 2012.
- Holmqvist, Morten (red.), *Jeg tror jeg er lykkelig... Ung tro og hverdag*. Oslo: Kloster forlag, 2007.
- Kaufman, Tone S., "Bærekraftig lovsang? Om lovsangen i den kristne ungdomskulturen som et uttrykk for kristen spiritualitet," i *Halvårsskrift for Praktisk Teologi 2/2008*. Oslo, Luther forlag.
- Mackendrick, Kenneth G. 2012, "We Have an Imaginary Friend in Jesus: What Can Imaginary Companions Teach Us About Religion?" i *Implicit Religion 15 no 1* March 2012, 61–79, 2012.

- Norheim, Bård Eirik Hallesby, *Practicing Baptism: Christian Practices and the Presence of Christ*. Eugene, OR: Pickwick Imprint, Wipf&Stock Publishers, 2014.
- Pagitt, Doug, *Preaching in the inventive age*. Minneapolis: Sparkhouse Press, 2011.
- Root, Andrew, *Revisiting Relational Youth Ministry: From a Strategy of Influence to a Theology of Incarnation*. Downers Grove, IL: InterVarsity Press, 2007.
- Skjæveland, Tore og Mosdøl, Hallvard Olavson, "Jakta på den raude tråden – og knaggar i preika," i *Tidsskrift for Praktisk Teologi 2/2013*, Oslo: Luther forlag.
- Smith, Christian og Snell, Patricia 2009. *Souls in Transition: The Religious and Spiritual Lives of Emerging Adults*. Oxford: Oxford University Press.
- Smith, Christian og Denton, Melinda Lundquist 2005. *Soul Searching: The Religious and Spiritual Lives of American Teenagers*. Oxford: Oxford University Press.
- Taylor, Charles: *The Ethics of Authenticity*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press, 1991.
- Volf, Miroslav, *Free of Charge. Giving and Forgiving in a Culture Stripped of Grace. The Archbishop's Official 2006 Lent Book*. Grand Rapids: Zondervan, 2005.
- Ward, Pete, *Selling Worship: How What We Sing Has Changed the Church*. Milton Keynes: Paternoster Press, 2005.
- Wright, Stephen I., *Alive to the Word: A Practical Theology of Preaching for the Whole Church*. London: SCM Press, 2010.

Noter

- Artikkelen er ein sterkt omarbeida versjon av eit føredrag som først vart halde på Bjørgvin bispedøme sine stiftsdagar i Ulvik i august 2013. Tema for ungdomsåret 2013 i Bjørgvin bispedøme var "Venner for livet" med utgangspunkt i Joh 15, 13–17.
- Sjå t.d. Holmqvist, *Jeg tror jeg er lykkelig*, 115–116.
- Ein dygd som korresponderer bra med unge menneskes fremste vennsdygd, nemleg det å aldri svik(t)a (ein venn), sjå Holmqvist, *Jeg tror jeg er lykkelig*, 115.
- Til dette, sjå t.d. Charles Taylor som hevdar at vi lever i ein kultur som sterkt verdset det å vera sann og ekte i høve til seg sjølv og sin eigen originalitet, og som samstundes framhever den fridomen som ligg i nettopp det at eg vel sjølv, Taylor, *The Ethics of Authenticity*, 26–29.
- Både dette og andre bibelsitat er henta frå Bibelen 2011, Det norske bibelselskap.
- For ein gjennomgang av samanhengen mellom det å ha imaginære venner (i barndommen) og utviklinga av tru og religion, sjå t.d. Mackendrick, "We Have an Imaginary Friend in Jesus."
- Sjå t.d. *Rop det ut*. Oslo, Lunde forlag, 1982, 158.
- På albumet *Get Together* (1991) med Oslo Gospel Choir.
- Tekstutdrag frå lovsongen "What a friend I've found," skriven av Martin James Smith og framført av gruppa Delirious.
- Ward, *Selling Worship*, 195, 198, 206–210. Til dette sjå også Kaufman, "Bærekraftig lovsong?"
- Heile preika finnast her: <http://www.baptistkirken.net/projects/prekener/tale280107.pdf>.
- Heile preika finnast her: <http://www.praktikum-pts.no/aktuelt/2013/prekensemaapning2013mbkartzow.pdf>
- Heile preika finnast her: http://vestrefrikirke.no/attachments/File/Preken_18_aug_13_s_undag_i_treemighetstiden_Joh_15_13-17.pdf.
- Til dette sjå www.nova.no, www.ungdata.no og kronikken i Aftenposten 10.oktober 2013: "Sykt" bra ungdom!, skriven av Lars Roar Frøyland, Kristinn Hegna, Christer Hyggen, Mira Aaboen Sletten.
- Sjå t.d. <http://www.hest.no/blog/?bid=99510&blid=1151083> der det vert understreka at "jeg synes at den

- bestevennen i hele verden er en hest. Jeg knytter meg veldig fort til de hestene jeg holder på med. Jeg kan fortelle dem alt uten at de sier det videre:) Det er en trofast venn som aldri svikter deg eller sårer deg!<3 Hest er best:)".
- 16 Arnett, *Emerging Adulthood*, 78–79, 233–234.
- 17 Dean, *Practicing Passion*, 30–31.
- 18 Smith, *Soul Searching*: Ifølgje Smith og hans kollegaer så vedkjenner om lag 70 % av det amerikanske folk til dei omtalar som *Moral Therapeutic Deism*. Ifølgje Smith vert dette kjenneteikna av 5 trussetningar: "1. A god exists who created and ordered the world and watches over human life on earth. 2. God wants people to be good, nice, and fair to each other, as taught in the Bible and by most world religions. 3. The central goal of life is to be happy and to feel good about oneself. 4. God does not need to be particularly involved in one's life except when God is needed to resolve a problem. 5. Good people go to heaven when they die."
- 19 Root, *Revisiting Relational Youth Ministry*, 83, og særleg s 140: "God in Christ is concretely present in the church and the world, where persons meet persons in being with and for each other in the construct of I and you."
- 20 For ein lengre presentasjon og drøfting av desse nærverkategoriane, sjå Norheim, *Practicing Baptism*, særleg s 71–75.
- 21 For ei drøfting av dette, sjå Norheim, *Practicing Baptism*, særleg s 90–94.
- 22 For ei drøfting av dette, sjå Norheim, *Practicing Baptism*, særleg s 160–161.
- 23 For ei god utlegging av evangeliet som gåve, sjå t.d. Volf, *Free of Charge*.
- 24 For ei drøfting av dette, sjå Norheim, *Practicing Baptism*, 203–212.
- 25 Til dette, sjå også Om Kristen Frihet (1520) Luther.
- 26 Sjø t.d. Austnaberg, *Når forkynner vi*, 39 og Austnaberg, Hans, *Hvordan tenker ungdommer å nå dem som ikke tilhører et kristent fellesskap*, 59.
- 27 For informasjon om Solomon's Porch, sjå <http://www.solomonsporch.com>. Eg har også vitja forsamlinga på ei kveldsgudstenste i mars 2009.
- 28 Til kor viktig det er at autentisitet er preikas interne ethos, sjå også Asmussen, *Ord Virker*, 47.
- 29 Pagitt, *Preaching in the Inventive Age*.
- 30 Wright, *Alive to the Word*, 40.
- 31 Wright, *Alive to the Word*, 50–60. Sjø særleg s 55: "It is dangerous to assume that any particular form of preaching can carry the mantle of being the "true" medium that alone can adequately bear the message."
- 32 Til dette sjå Skjæveland og Mosdøl, *Jakta på den raude tråden*, 38.
- 33 For meir om skjelninga mellom Jesu vennskap, kjærleik og nærvær som det som modellerer og som modell, sjå Norheim, *Practicing Baptism*, 160–162.
- 34 Asmussen, *Ord virker*, 17. Til dette sjå også Emery-Wright, *Now That Was Worship*, 137–138, der han utmeislar ei trintarisk forståing av glede.

Samandrag

Denne artikkelen tek for seg Jesus som venn (Jfr. Joh 15,12–17) for dagens unge, med særleg vekt på korleis det kan vera mogeleg å fortolka og formidla Jesus som ein *autentisk*, her forstått som *nærverande*, venn, og korleis ein kan forstå og formidla eit vennskap som framstår grunnleggjande *asymmetrisk*. Artikkelen startar med å analysere eit utval kristne lovsongar og preiker retta mot ungdom og unge vaksne, der Jesu vennskap som asymmetrisk og autentisk vert tematisert. Med utgangspunkt i denne analysen drøftar artikkelen på kva måte Jesus som ein asymmetrisk og autentisk venn kan fortolkast som eit evangelium for dagens unge. Her argumenterer artikkelforfattaren ved hjelp av ein luthersk teologi for Kristi nærvær at Jesus er ein venn som kan vera nærverande både som ei asymmetrisk gåve gjennom Ordet og sakramenta, og som autentisk nærverande i, under og bak all menneskeleg erfaring, som i symmetriske vennsapsrelasjonar, nettopp som nærveret som fyller og mogeleggjjer menneskeleg kjærleik og vennskap. Artikkelen avsluttar med eit kort homiletisk utblikk mot ei evangeliefremidling som er både diakonalt og profetisk innretta, ved å *p(r)eika med seg sjølv, bort frå seg sjølv*, slik døyparen Johannes gjorde (Jfr. Joh 1,19–29).